



MØTEINNKALLING

Utval: Administrasjonsutvalet
Møtedato: 22.04.2015
Møtetid: 15:00 -
Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

NB! Møtet startar kl. 15.00

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

leiar av utval

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/15	15/286	Faste saker	
002/15	13/543	Permisjon og godtgjersle i samband med opplæring for tillitsvalde	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none">• Godkjenning av innkalling og sakliste• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte• Delegerte vedtak/referatsaker• Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Arkivsaksnr: 15/286	Løpenr: 15/2989
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Administrasjonsutvalet	22.04.2015	001/15	HEF

FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none"> • Godkjenning av innkalling og sakliste • Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte • Delegerte vedtak/referatsaker • Utvalet sitt kvarter

Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

Arkivsak	Dok.dato	Dok.type	Avs./mott.	Tittel/innhald
14/70	27.03.2015	X	Rådmann - Tone Ramsli	Avslutning av reinhaldsprosjektet - Status

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-401
Arkivsaksnr: 13/543	Løpenr: 15/2929
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Administrasjonsutvalet	22.04.2015	002/15	JEB

PERMISJON OG GODTGJERSLE I SAMBAND MED OPPLÆRING FOR TILLITSVALDE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I samband med tillitsvaldopplæring, kan tillitsvalde som arbeider i nattevaktstilling etter søknad få permisjon med løn frå eventuelle vakter natta før kurs-/opplæringsdag. Dette skjer innan reglane i personalvedtektene punkt 5.5.4.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Hovudavtalen, Personalvedtekter for Samnanger kommune

Kva saka gjeld:

Hovudavtalen del B, § 3-6 har følgjande reglar om opplæring for tillitsvalde:

Tillitsvalgte har rett til opplæring som har betydning for deres funksjon som tillitsvalgt.

Forholdene skal legges til rette slik at det tas hensyn til arbeidstakerorganisasjonens/forhandlingssammenlutningens og den enkelte tillitsvalgtes behov for opplæring.

Ved slik opplæring gis det permisjon med hel eller delvis lønn. For hovedtillitsvalgt/fellestillitsvalgt gis permisjon med full lønn. Med lønn menes i denne forbindelse ordinær lønn, faste årsbeløp og variable tillegg etter oppsatt turnusplan.

Den tillitsvalgte har rett og plikt til å delta i den generelle opplæring som finner

sted for vedkommendes yrkesgruppe i kommunen.

Etter punkt 5.5.4 i Samnanger kommune sine personalvedtekter kan plasstillitsvalde få permisjon med løn for å gjennomføra faglege kurs, normalt avgrensa til inntil 10 dagar pr. kalenderår.

Det er behov for ei presisering av kva praksis Samnanger kommune skal ha når det gjeld løn til tillitsvalde i samband med opplæring. Dette gjeld mellom anna tillitsvalde som arbeider i nattevaktstilling.

Opplæring for tillitsvalde vert som hovudregel gjennomført som eksterne kurs i regi av den tillitsvalde si fagforeining. I praksis er det også fagforeiningane som har ansvaret for opplæring av tillitsvalde. Det kan variera kor mykje opplæring dei ulike fagforeiningane tilbyr til sine tillitsvalde. Nyvalde tillitsvalde får vanlegvis tilbod om grunnopplæring/grunnkurs, gjerne med varigheit på opptil ei arbeidsveke. I tillegg tilbyr fagforeiningane andre typar opplæring, til dømes oppdateringskurs og temakurs (lokale lønsforhandlingar m.m). Samnanger kommune gjennomfører ikkje opplæring for tillitsvalde sjølv.

Praksis i Samnanger kommune har vore at tillitsvalde som må ha permisjon frå arbeidet sitt for å delta på nødvendig tillitsvaldopplæring, får permisjon med full løn (gjeld både hovudtillitsvalde og plasstillitsvalde). Det har ikkje vore praksis å betala løn til tillitsvalde som deltek på tillitsvaldopplæring på fridagar (dagar dei ikkje skulle vore på jobb). Kommunen dekkar heller ikkje reiseutgifter eller andre utgifter for tillitsvalde som deltek på opplæring i regi av fagforeininga si.

Slik kommuneadministrasjonen forstår det, har dei fleste fagforeiningar ei ordning der tillitsvalde kan få dekkja utgifter/tap i samband med deltaking på tillitsvaltopplæring m.m. Dette gjeld til dømes reiseutgifter.

I samband med møte som kommunen kallar tillitsvalde inn til, vil kommunen som hovudregel utbetala ekstra løn dersom møtet vert halde i fritida til den tillitsvalde. Løn for desse timane skal utbetalast.

Sjuepleiarforbundet har nyleg fått to tillitsvalde som for tida arbeidar i nattevaktstillingar. For tilsette i nattevaktstillingar vil stort sett all tillitsvaldopplæring måtte skje på "fritida". For denne gruppa kan det likevel vera aktuelt med permisjon frå nattevakter som er vanskelege eller umoglege å kombinera med deltaking på tillitsvaldopplæring. Dette vil t.d. vera vakt natta før ein kursdag.

Det har kome reaksjonar frå enkelte tillitsvalde som meiner dei må bruka mykje fritid på tillitsvaldopplæring. Dette gjeld gjerne tillitsvalde som arbeider i deltidstillingar. For denne gruppa er sjansen for at kursdagar treff på fridagar større enn for fulltidstilsette, og sjansen er derfor større for at deltidstilsette må bruka av fritida si.

Kommuneadministrasjonen har kome til at det er ønskeleg å ta spørsmålet om kompensasjon i samband med tillitsvaldopplæring opp i administrasjonsutvalet. Det er ønskeleg at administrasjonsutvalet diskuterer følgjande spørsmål:

- *Skal Samnanger kommune gje nokon form for kompensasjon til tillitsvalde som må gjennomføra tillitsvaldopplæring på fritida si?*
 - *Dersom ja; kva reglar for kompensasjon skal kommunen ha?*

Vurderingar og konsekvensar:

Slik kommuneadministrasjonen forstår det, avgrensar kommunen si formelle plikt seg til å gje permisjon i tilfelle der tillitsvaldopplæring foregår på dagar/tidspunkt der den tillitsvalde skulle vore på jobb, eller på tidspunkt som ikkje let seg kombinera med den tillitsvalde sin jobb. Dette er basert på at opplæring av tillitsvalde vert rekna som fagforeiningane sitt ansvar, og at det ikkje vedkjem kommunen dersom tillitsvalde må gjennomføra opplæring på fritida si.

Dersom fagforeiningane ikkje har ordningar for økonomisk kompensasjon til tillitsvalde som må gjennomføra tillitsvaldopplæring på fritida, kan ein hevda at tilsette i fulltidsstilling (gjerne med arbeidstid på dagtid måndag – fredag) kjem betre ut enn deltidstilsette.

Det er ikkje i strid med avtaleverk at Samnanger kommune etablerer ordningar som sikrar at alle tillitsvalde får løn når dei deltek på tillitsvaldopplæring. Til dømes kunne me innført ei ordning der tillitsvalde som ikkje får økonomisk kompensasjon av fagforeininga si ved deltaking på tillitsvaltopplæring i fritida, får løn av kommunen (inntil ei dagsløn pr. kursdag). Ei slik ordning vil sjølv sagt medføra utgifter for kommunen, og vil ha som konsekvens at andre utgifter må reduserast.

Kommuneadministrasjonen sitt inntrykk er at det ikkje er vanleg at norske kommunar/ arbeidsgjevarar har ordningar som sikrar at tillitsvalde får løn når dei deltek på tillitsvaldopplæring, men me har ikkje hatt ressursar til å kartleggja dette nærmare.

Gjennom lokale lønstingingar har løn for hovudtillitsvalde og plasstillitsvalde i Samnanger kommune vore fremja, og det har vore semje med dei organisasjonane som har teke det opp å gje eit funksjonstillegg (lønstillegg). Tillegget varierer mellom 4.000 og 20.000 kroner. Noko av bakgrunnen for tillegget er at det skal vera ein kompensasjon for ansvaret/oppgåvene dei tillitsvalde har. Det har ikkje vore diskutert kor vidt tillegget også kan vera kompensasjon for oppgåver utført på fritida. Ikkje alle organisasjonane har prioritert dette i lønstingingane.

Det har i periodar vore vanskeleg for fagforeiningane i kommunen til å få tilsette til å ta på seg verv som tillitsvalde. At kommunen ivaretek tillitsvalde på ein god måte, kan nok medverka til at det vert lettare "å få tak i" tillitsvalde. "Dårlege vilkår" for tillitsvalde kan ha motsett effekt.

Rådmannen har tidlegare i vår vore innstilt på at kommunen etter søknad kan utbetala løn til nattilsette som deltek på tillitsvaldopplæring på dagtid. På bakgrunn av reaksjonar som har kome på dette, har rådmannen gjort ei ny vurdering.

Rådmannen vel å sjå på dette spørsmålet på same måten som me vurderer deltaking på kurs. Her er praksisen at tilsette får permisjon med løn dersom dei skulle ha vore på arbeid. Går kurset på ein fridag og den tilsette ønskjer å delta, vil dette ikkje verta kompensert med løn. Det vert heller ikkje gitt kompensasjon for timar ut over den tida vedkomande ville vore på arbeid sjølv om kurset strekk seg langt ut over ordinær arbeidstid. For kurs som tilsette vert pålagt å gjennomføra på fritida si vil sjølv sagt den tilsette få løn. Når det gjeld t.d. grunnopplæringa, kan det vurderast om det her skal vera same praksisen som for pålagde kurs. Sidan det er ulik praksis og forståing i dei ulike organisasjonane om kva som er grunnopplæring, må ein i tilfelle gå inn og avgrensa m.a. med tanke på kor mange timar kommunen kan akseptera å betala løn for. I tilfelle det er snakk om å betala for opplæring på fridagar – dvs. ikkje permisjon frå stilling - , bør avlønninga skje time for time maksimalt avgrensa til ei ordinær dagvakt pr. kursdag.

Nokre fagorganisasjonar har ei utstrakt opplæring av tillitsvalde. Dette har auka på dei siste åra. Det kan ikkje vera opp til kommunen å bestemme omfanget av opplæringa til den einskilde tillitsvald, men det kan heller ikkje vera slik at denne opplæringa skal belasta kommunebudsjetta utan at den einskilde leiar har innverknad på omfanget. Derfor må det vera slik at den organisasjonen som vel å ha mykje opplæring også må kompensera den tillitsvalde når opplæringa skjer på fritida.

Me har forståing for den særlege situasjonen til tilsette som arbeider på natt. I permisjonsreglementet vårt er fri for tilsette som arbeider på natt omtala på fleire pkt. (5.3.3., 5.3.4 og 5.3.9). Her står det at det vert gitt fri med løn for ei vakt (knytt til ein fridag). Me meiner at utgangspunktet for fri med løn vil vera vakter som er umoglege å gjennomføra ved deltaking på kurs på dagtid. Det er dette som er situasjon også for personale som jobbar på dagtid. Me vurderer det slik at det er vaktene i forkant av ei dagskurs det skal gjevast permisjon med løn for, og ikkje vakter etter kursdagen.

Alle permisjonar evt. løn på fritida for å delta på opplæring som tillitsvald må tilpassast organisasjonen. Det er derfor viktig at det vert søkt om permisjon/dekking av kostnad i god tid. I den grad arbeidsgjevar ikkje kan akseptera søknaden vil det då vera mogleg å inngå ein diskusjon om alternative måtar å legge til rette for opplæringa på – bytting av vakter kan vera eit alternativ.

Oppsummert:

Opplæring av tillitsvalde er viktig både for å få til eit godt samarbeid mellom arbeidstakarane og arbeidsgjevar men også for å få rekruttert tillitsvalde. Reglar og praksis for opplæring bør også gjelda for opplæring av tillitsvalde, dvs. at fri til å delta på opplæring som vert gitt på arbeidsdag kan etter søknad verta gitt med løn. Det vert som hovudregel ikkje gitt løn til opplæring på fridagar utan at deltakinga er pålagt av arbeidsgjevar. Innan visse rammer kan Samnanger kommune gi løn til deltaking på grunnopplæring for tillitsvalde med inntil ei ordinær dagsløn pr. kursdag når opplæringa skjer på fritida til den tilsette. Løn vert utbetalt time for time. Søknad om dette må sendast i god tid. For tillitsvalde som arbeider natt vert permisjon med løn for opplæring på dagtid relatert til vakt i forkant av opplæringsdagen.



Informasjonsnotat / orientering

Til:

Tone Ramsli

Frå:

Hilde-Lill Våge

AVSLUTNING AV REINHALDSPROSJEKTET - STATUS*Saknr/Journalnr*

14/70/15/2417/ADM/HLV

Arkivkode

FE-034, TI-&34

Dato:

27.03.2015

Reinhaldsprosjektet er avslutta og gjennomført.

Reinhaldarane er overført til ny eining for teknisk drift med Endre Kulleseid som fagleg og administrativ leiar pr. 1. januar. Økonomiske ressursar for 2014 vart vidareført i 2015-budsjettet, og ei omfordeling av desse gav oss moglegheit til å oppretta stillinga som reinhaldsleiar. Angelica Reistad er tilsett i stillinga og starta 1. januar i år.

Reinhaldsavdelinga har innført og gjennomfører no kvalitetsreinhald i alle bygg (INSTA 800). Innafor ramma har avdelinga bl.a gått over til maskinvask, noko som igjen har ført til forbetra HMT på arbeidsplassane. Målet er at ein reinhaldar og skal kunne jobba i 100% stilling om dei ønskjer det. Teknisk driftsleiar og reinhaldsleiar har i samarbeid utarbeid reinhaldplan og brukaravtale for alle kommunale bygg (eks. avtalar frå vassloppa ligg ved).

Det er inngått bruksavtale med alle einingsleiarane. Kwart år før budsjettet vert lagt fram for rådmannen, vil det vera brukarmøte om evt vedlikehaldsbehov eller nye ønskje.

Mange av reinhaldarane i kommunen er framspråkelege. For at desse skal gjera seg betre forstått i arbeidet sitt set kommunen i gang norsk kurs i løpet av april 2015. Samnanger har fått VOX-tilskot til gjennomføringa, og kommunen vil gje kompensasjon til dei som vert pålagt å delta. Det er 10 deltakarar som skal gjennomføre 50 timars norsk kurs.

Vedlegg:

Underskriven brukaravtale - Vassloppa barnehage (L)(94686)

Reinhaldsplan for bygningar i Samnanger kommune (L)(94683)

Kopi til:

Boge, Jan Erik; Kulleseid, Endre

Brukaravtale mellom DA – Vassloppa barnehage

Eigar og brukar sitt ansvar og plikter
i kommunale bygg



Samnanger kommune

1 AVTALE DOKUMENT	
1.1 Generelt	3
1.2 Føremål med avtalen.....	3
1.3 Tvistar	3
1.4 Økonomi og budsjett.....	3
1.5 Kontaktpersonar	3
1.6 Underskrifter av avtalen.....	4
2 FORVALTNING.....	5
2.1 Eigarforhold.....	5
2.2 Driftar.....	5
2.3 Bruk av bygningsmassen.....	5
2.4 Forsikringsavtale og forsikringar.....	5
2.5 Disponering av personell.....	5
2.6 Melding om vedlikehaldsbehov.....	5
2.7 HMS og Internkontroll	5
3 DRIFT OG VEDLIKEHALD.....	6
3.1 Utomhusanlegg - vegar, p-plassar, plenar, leike- og idettplassar, gjerde, lys- og lydanlegg.....	6
3.2 Bygningar	6
3.2.1 Generelt	6
3.2.2 Sanitære anlegg, varme og ventilasjonsanlegg,elektrisk, inventar, IT, telefoni.....	7
3.2.3 Heis- og varslingsanlegg	7
3.2.4 Branntryggleik	8
3.2.4.1 Tekniske brannverntiltak.....	8
3.2.4.2 Organisasjonelle brannverntiltak.....	8
3.2.9 Telefonanlegg, kabel-TV og parabol, EDB- utstyr, kjøkkenutstyr, kvitevarer, etc.....	8
3.2.5 Symjebasseng.....	9
3.3 Energi.	9
3.4 Kommunale avgifter (eigdomsavgifter).	9
3.5 Forbruksmateriell, div inventar og utstyr.....	10
3.6 Reinhold.....	10
3.7Låsing av bygg ved normal drift.....	11
3.8 Utleige av bygg, budteneste og arrangement.....	11
3.9 Flagging.....	11
4 Revisjon avtaledokument	11

1 AVTALEDOKUMENT

Denne avtalen vert inngått mellom driftsavdeling for tekniske tenester i Samnanger kommune og ansvarleg for brukar av Vassloppa barnehage . Avtalen skal regulera rettar og pliktar som lagt til driftsavdelinga som bygg- og eigedomseigar og brukar av Vassloppa barnehage. Avtalen kan verte regulert etter avtale mellom driftsavdeling for tekniske tenester og brukar av bygget, eller i samband med årsbudsjet.

1.1 Generelt

Driftsavdelinga for tekniske tenester (kalla DA) har eigaransvar for alle kommunale bygg og leigeavtalar kor kommunen leiger private eller statlege lokale. Som byggeigar har DA ansvar for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av bygningsmassen. Brukarar/leigetakarar sine rettar og pliktar vert regulert av gjeldande avtale mellom DA som eigar og brukar av bygga.

1.2 Føremål med avtalen.

Føremålet med avtalen er å definere og avklare ansvarsforholdet mellom DA og brukarane gjennom ein avtale og definerar ansvarstilhøva omkring de øvrige tenestene som DA skal utføre ovanfor kvar einskild brukar eller leigetakar.

1.3 Tvistar

Dersom det kjem til usemje mellom avtalepartane skal tvisten takast opp tenesteveg, mellom leiar for DA og ansvarleg kontaktperson for brukar. Dersom det ikkje vert semje skal endeleg avgjersle ligg til rådmannen.

1.4 Økonomi og budsjett.

Kostnad til forvaltning, drifts- og vedlikehald av kommunale eigedomar og bygningar vert dekkja gjennom DA sitt budsjett.

I drifts og vedlikehaldsbudsjettet inngår lønnsutgifter til vedlikehalds- og reinhaldspersonell.

Likeeins utgifter til vedlikehaldsutstyr, reinhaldsmidlar, strøm og kommunale avgifter (vatn - og avløp, renovasjon) mm. DA er ansvarleg for å nytte innkjøpsordningar og å inngå avtalar.

1.5 Kontaktpersonar

Primærkontakt for brukar av bygget er Einingsleiar, og kontaktperson for DA er driftsleiar. Dersom vedlikehaldet gjeld reinhald er kontaktperson reinhaldsleiar.

Brukar: Einingsleiar/ barnehagestyrar

Anne Fredriksen Tlf. 56587580 Mob. 98807007

Assisterande barnehagestyrar;

Aud Solvang Lygre Tlf. 56587580 . Mob. 92888718

DA: Einingsleiar Endre Kulleseid Mob. 47468596

Vedlikehaldspersonale DA;

Lars Larsen Tlf.xxxxxxxx Mob.47977525

Reinhaldsleiar Angelica Reistad Mob. 45638234

1.6 Underskrifter av avtalen

Brukar og DA sine representantar pliktar å sette seg inn i avtaleteksten. Alle avvik frå avtalen skal avklarast på førehand og gå fram i avtalen.

Tysse, den

10/3 15


.....
Ansvarleg for brukar


.....
Leiar for DA

2 FORVALTNING.

2.1 Eigartilhøve

Eigar av bygnings- og eigedomsmassen er Samnanger kommune v/ordførar.

2.2 Driftar

DA er ansvarleg for å drifte og ta i vare Samnanger kommune sine eigarinteresser i tråd med vedtekne planar og budsjett.

2.3 Bruk av bygningsmassen.

Bygningane med tilhøyrande eigedomar står til leigetakaren sin disposisjon.

2.4 Forsikringsavtale og forsikringar.

Bygningsmassen og tilhøyrande inventar er forsikra i avtale som vert inngått sentralt ved økonomiavdelinga.

Forsikring av eigedomar og bygningar ligg til DA sitt ansvar å følgje opp. Eigenandelen er for tida kr 50 000,-.

Dersom brukar har vore særdeles uaktsam kan DA kunne krevje heilt eller delvis refundert eigenandel for det som er lagt ut. Viser elles til erstatningsreglar i saker der elevar har gjort skade/hærverk.

2.5 Disponering av personell.

Bruk av vedlikehalds personell til udefinerte oppgåver, i og utanom ordinær arbeidstid, skal vera avklara med ansvarleg DA på førehand og vil bli fakturert brukar.

2.6 Melding om vedlikehaldsbehov

Behov for vedlikehald skal meldast inn til ansvarleg for DA gjennom bruk av vedlikehaldsplanen Famacweb. Leiar for DA inviterer til årleg felles brukarmøte i samband med utarbeiding av budsjett/økonomiplan og vedlikehaldsplan. Viser til fristar for utarbeiding av årsbudsjett.

2.7 HMS og internkontroll

DA utførar og kallar inn til periodisk internkontroll i samarbeid med brukar på utstyr, utomhusanlegg og bygging. I samband med internkontroll for elektrisk utstyr gjeld det og kvitevarer og kjøkkenutstyr. Brukar har HMS-ansvar innanfor sitt verneområde og rapporterar til DA i tråd med gjeldande HMS-rutinar. DA tek relevante tema i HMS-rapporten med i sin vedlikehaldsplan.

3 DRIFT OG VEDLIKEHALD

3.1 Utomhusanlegg- Vegar, p-plassar, plenar, leike- og idrettsplassar, gjerde, lys- og lydanlegg

Utomhusanlegg: Vassloppa leikeplass, fotballbinge, gangvegen til barnehagen og parkering.		
	DA-ansvar	Brukaransvar – Styrar bhg
Plenareal Tre, staudar, plantar	Drift og vedlikehald av plenareal og barking. Kan gje retningsliner for bruk av områda	Planting og stel av sommarplanter i bed og planter i potter.
Gangareal, gangstiar, skuleveg, parkeringsplassar, vegareal, gjerde og portar	Drift og vedlikehald sommar/vinter. Avgjer kva areal som skal verte prioritert. Brøyting av vegar og plassar, etter eigne kart og teikningar. Strøkasse på kvar bygg.	Snørydding/strøing av trappar og rampar ved inngangsdører. Fjerning av brøytekantar, snø i trapper inntil bygget.
Utvendig lyd- /lysanlegg/varmekablar/ motorvarmar	Drift og vedlikehald. Skifting av lyspærer og andre fastmonterte komponentar	Har ikkje spesielle lyd og lys i kunstinntallasjonar.
Leikeplassar	Godkjenne og vedlikehalde	Rydde og halde reint i tråd med HMS Kan etter avtale utføre dugnad. Nye apparat må verte spelt inn i samband med brukarmøte/budsjettarbeid.
Sportsutstyr og leikeutstyr, målnett og basket.	DA fråskriv seg eitkvart ansvar for privat-/brukarutstyr som blir plassert på kommunen sine område, utan først å ha fått dette godkjent.	Drift og vedlikehald. Orden. Brukar må sjølv utarbeide rutinar for dette.

Ved arbeidsoppgåver der det må leigast inn arbeidskraft og maskiner skal dette godkjennast og gjerast av DA.

3.2 Bygningar

3.2.1 Generelt

Drift og vedlikehald er driftar sitt ansvar. Vedlikehalds personell er DA sin representant, og står for den daglege drifta. Normalt vedlikehald av bygningsmassen utførast av vedlikehalds personell etter behov og i tråd med plan og budsjett. Her under reparasjon av kraner, skifting av pakningar, skifting og istandsetjing av lås, hengsler osv, skifting av defekte fliser, flikking og maling av lister, skifte knuste glas, glasbeslag og hesper, lysrør, pærer, sikringer mm.

Vedlikehalds personell tek og mindre snikkar-, røyr- og målingsarbeid. Reinhold ligg og til vedlikehaldet.

Dersom brukar ønskjer ombygging, å utføre eller få utført målingsarbeid og andre vedlikehaldsoppgåver, skal dette meldast inn som behov til DA på førehand.

Brukar pliktar å gje DA snarast beskjed dersom det vert oppdaga manglar ved bygget som må utbetrast.

3.2.2 Sanitære anlegg, varme- og ventilasjonsanlegg, elektrisk, inventar, IT og telefoni

Bygg: Vassloppa barnehage		
	DA-ansvar	Brukaransvar - Styrar
Sanitære anlegg, Varmeanlegg	Vedlikehalds personell står for dagleg drift og vedlikehald.	
Ventilasjonsanlegg	Vedlikehalds personell sørgjer for dagleg drift og vedlikehald, samt periodisk vedlikehald som bytte av filter osv. Årleg service blir tinga av vedlikehaldsansvarleg.	
Faste installasjonar til lys, varme og automatikk	Vedlikehalds personell sørgjer for den daglege drift og vedlikehald, og kontaktar elektrikar der det viser seg nødvendig. Større reparasjonar og ombyggingar styrast av vedlikehaldsansvarleg.	
Elektriske anlegg som ikkje er fast monterte	Vedlikehalds personell kan etter avtale hjelpe til med montering og vedlikehald, som ein del av brukartenesta.	Dvs anlegg som brukaren sjølv kjøpar og monterer.
Telefonanlegg, kabel-TV og parabol, EDB- utstyr, kjøkkenutstyr, kvitevarer, etc.	Som ein del av brukartenesta kan vedlikehalds personell etter avtale bistå ved montering og vedlikehald.	Kjøp av varer, abonnement og eksterne tenester i tilknytning til dette er brukaren sitt ansvar. Kabling og alle byggtekniske endringar skal avklarast med vedlikehaldsansvarleg før utføring.

3.2.3 Heis- og varslingsanlegg

Heisanlegg er *driftar* og DA sitt ansvar. Serviceavtaler blir forhandla av DA.

Varslingsanlegg som brann-, innbrotts-, og driftsalarmar er og *driftar* sitt ansvar.

Brukar på bygget pliktar å setje seg inn i bruken av anlegget, og er ansvarleg for å lære opp nyttilsette brukarar av bygget. Brukar skal utarbeide eigne varslingsrutinar ved driftsstans og uhell som skal gå til DA. Alarm i samband med heis- og varslingsanlegga er kopla opp mot teknisk vakt.

3.2.4 Branntryggleik

Dersom brannvesenet har definert bygg etter brann- og eksplosjonsvernlova som særskilde brannobjekt, jfr § 13, vert det stilt ein del særskilte krav til byggeigar og brukar av bygget. Det skal vera brannvernleiar ved alle bygg. Det vert rekna som hensiktsmessig at *driftar* utpeikar ein brannvernleiar for det branntekniske (bygningmessige) ved bygga, og *brukar* peiker ut eigen brannvernleiar for det organisatoriske. Organisatorisk brannvernleiar er ansvarleg for at det vert halde brannøvingar. Teknisk brannvernleiar utførar eigenkontroll i samsvar med brannverndokumentasjonen for gjeldande bygg. Normalt første måndag kvar månad.

Ansvar – DA - Brannteknisk brannvernleiar (BTL):

- *Vedlikehaldsansvarleg* Lars Larsen

Ansvar – Brukar - Organisatorisk brannvernleiar (OBL):

- *Assisterande styrar* Aud Solvang Lygre

3.2.4.1 Tekniske brannverntiltak

Eigar pliktar å sørge for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann.

Bygg : Vassloppa	
DA-ansvar	Brukaransvar - Styrar
Pliktar å sørge for drift og vedlikehald av varslingsanlegg og sløkkjemateriell. Pliktar å forhandle fram serviceavtaler på varslingsanlegg og sløkkjemateriell.	Pliktar å setje seg inn i bruken av dei forskjellige anlegg som er montert i bygget. Pliktar å innrette si verksemd på ein slik måte at brann ikkje lett kan oppstå, og for øvrig på ein slik måte at sikringstiltak og sikringsinnretningar verkar etter sine føresetnader. Pliktar å rapportere til <i>driftar</i> om alle forhold av betydning, slik at eigar også kan oppfylle sine forpliktingar.

3.2.4.2 Organisatoriske brannverntiltak.

Bygg: Vassloppa	
DA-ansvar	Brukaransvar -Styrar
<p>Skaffe nødvendige skjema, som vert brukt til å dokumentere alle forhold som vedkjem branntryggleiken. Skjema samlast i ein perm som plasserast på tilvist plass.</p> <p>Skaffe nødvendige, oppdaterte branntekniske teikningar, og oversiktsteikningar over rømmingsvegar.</p> <p><i>Driftar</i> har rett til å kome med innvendingar til val av OBL.</p> <p>Ved spesielle brannsyn pliktar minimum BTL å vere med brannvesenet sine representantar.</p> <p>Plan for utbetring av pålegg i branntilsyn-rapport og utbetring av desse.</p>	<p>Utnemne ein organisatorisk brannvernleiar (OBL), som skal vere brannvesenet sin kontaktperson for bygget. OBL har ansvar for å ta kurs, ha tilstrekkeleg kunnskap om brannvern, gjeldande lover og forskrifter om brannvern.</p> <p>OBL pliktar å følgje opp dokumenteringa i brannvernpermen, og sørgje for at alle moment og frekvensar i denne blir følgde. Organisere, planlegge og gjennomføre brannøvingar.</p> <p>Ved spesielle brannsyn pliktar minimum OBL å vere med brannvesenet sine representantar.</p> <p>OBL ska syte for at alle tilsette og framleigetakarar får den nødvendige opplæring når det gjeld branntryggleik, og lage rutinar for dette.</p>

Brannvesenet sender i etterkant av branntilsyna ut ein brannsynsrapport. Dersom det i rapporten vert påpeika feil eller manglar, skal det innan ein månad, skriftleg leverast planar for utbetring av disse. DA har ansvaret for dette. Svar skal sendast til brannvesenet, med kopi til BTL og OBL.

3.2.5 Symjebasseng.

Bygg: Samnanger ungdomsskule	
DA-ansvar	Brukaransvar – Einingsleiar/rektor
<p>Dagleg drift og vedlikehald. Arbeid som er av eit slikt omfang at det er behov for eksterne tenester, styra av DA.</p> <p>Avtale ramma for brukstid med rådmann. 2015=medio sept-1. mai.</p> <p>Styrer varme og ventilasjon i høve til avtala brukstider.</p> <p>Prøvetaking av vasskvaliteten</p>	<p>Administrere utleige og lage timeplan over brukstider til DA.</p> <p>Inngå skriftlege avtalar mellom utleigar og leigetakar. Sende kopi av faste leigeavtalar til DA.</p> <p>Bruk av bassenget på ein slik måte at prøvetaking må utførast utanom vedlikehalds personell si ordinære arbeidstid, vil desse ekstratimane bli fakturert brukar. Dette skal avklarast med vedlikehalds personell og vedlikehaldsansvarleg på førehand.</p>

3.3 Energi.

Driftar forhandlar fram avtaler om kjøp av energi. *Brukar* pliktar å nytte bygget på ein slik måte at unødig bruk av energi vert unngått.

3.4 Kommunale avgifter

Bygg: Vassloppa		
	DA-ansvar	Brukaransvar -Styrar
Renovasjon	Renovasjonen ved bygga. Vedlikehalds personell kan etter nærare avtale hjelpe til med å bringe søppel til hentestasjonar. Vedlikehalds personell kan setje igjen papir som ikkje er ferdig sortert og pakka.	Utarbeide interne renovasjonsrutinar i tråd med det som gjeld for avfallshandtering. Pliktar å samle papir og kartong på faste tilviste plassar for innsamling same dag som det skal verte henta. Der det er avtale om at vedlikehalds personell hentar restavfall, pliktar brukar å samle avfallet i eigne stativ/dunkar. Skarpe gjenstandar skal pakkast på ein slik måte at det ikkje er fare for at nokon kan gjere seg skade.
Spesialavfall/ container		Levering av avfall utover vanleg hushaldningsavfall, spesialavfall, samt leige og tømning av containerar.
Vatn- og kloakk avgifter	Kostnadar til vatn og kloakk-avgifter. Tømmerutinar for slamavskillar. Utvendige stikkleidningar til kommunale leidningsnett.	Pliktar å ikkje bruke unødvendig vatn, og følge dei eventuelle restriksjonar som måtte bli lagde til grunn for bruk av vatn.

3.5 Forbruksmateriell, div inventar og utstyr.

Bygg: Vassloppa		
	DA-ansvar	Brukaransvar -Styrar
Elektrisk forbruksmateriell	Kjøp av forbruksmateriell til det fastmonterte elektriske utstyret. Vedlikehalds personell vil halde eit plukkklager med kurante sikringar, pærer og lysarmaturar. Normalt vil vedlikehalds personell stå for skifting av lysarmaturar og sikringar.	Slukke når det ikkje er i bruk. Brukar kan skifte lyspærer når det vert oppdaga at dette skulle vere nødvendig.
Inventar, møblar og utstyr	Kan etter avtale hjelpe til med montering og vedlikehald som ein del av brukartenesta.	Innkjøp av varer og eksterne tenester.
Tørkepapir, toalett-papir, såpe	Kjøp i hht innkjøpsavtale og påfyll	

3.6 Reinhold.

Bygg: Vassloppa	
DA-ansvar	Brukaransvar -Styrar
